



Paintball-gjengen stortrivdes på bana ved Dønhaughølen. Bak står, frå venstre, Kjetil Grønstøl (Husnes), Sindre Kaldestad (Husnes), Joakim Espevik (Husnes), Thomas Blokhuis (Valen), John Asle Eivind Hansen (Husnes) og Håvard Jonassen (Husnes). Foran sit Christian Halvorsen (Sandvoll), Øystein Jonassen (Husnes) og Eskil Moen (Uskedalen). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Paintball-spelet gjorde søndag sitt inntog i Uskedalen. Ein flokk med entusiastiske utøvarar av spelet frå fleire stader i Kvinnherad sette opp det som kallast bunkarar på ridebana til Magne Huglen ved Dønhaughølen og snart var kampen i gang.

- Vi har møtt berre velvilje både frå grunneigaren og Uskedalen Utvikling og vonar at vi kan få ha dette som ein base. Dette er ei framifrå bane, sa Øystein Jonassen, som er leiar for Husnes-avdelinga av Kvinnherad Paintballklubb, til uskedalen.no.

Klubben vart danna i fjor sommar og har kome godt i gang. Men dei har så langt ikkje hatt noko fast bane og har halde til ulike stader..

Dette er også første gong tilhøva har vore gode nok til at dei har fått sett opp skikkelege bunkarar. 19 slike kom på plass i Uskedalen. Dei kostar 21.000 kroner og Øystein og broren Håvard har arbeidd mange timar overtid for å finansiera denne satsinga, fortalde dei.

Det er også ein avdeling av klubben i Rosendal, men dei var ikkje med søndag. Jonassen fortel at det er 15 aktive i avdelinga hans og at dei er nesten like mange i Rosendal. Dei fleste som stilte opp i denne første paintball-runden i Uskedalen var frå Husnes og berre ein kom frå Uskedalen. Men Jonassen vonar at det etter kvart også kan bli med fleire herifrå.

- Men skal ikkje Huglen bruka denne bana til riding meir?

- Jo, det skal han når brua er reparert, men det er fullt mogeleg å kombinera riding og paintball. Vi tek nemlig ned bunkarane når vi dreg att. Det er altså ingen faste installasjonar, opplyser Øystein.

Kva er så eigentleg paintball? Stutt sagt er det ein sport der spelarane slår ut motstandarane ved å treffa med

målingfylte ballar som blir skote mot dei. Det blir opplyst i leksika at 10 millionar spelar paintball i USA no. Der blir det også hevda at paintball er ein av dei sikraste sportsdisiplinar ein kan driva med, med færre skader enn tennis, golf og bowling!
Paintball kan også spelast inne og kan ha ymse former og reglar.

Av Ola Matti Mathisen



- Ei framifrå bane, var dommen om ridebana som paintball-bane. (Foto: Ola Matti Mathisen)